

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 69/2010

av 11. juni 2010

om endring av vedlegg IV til EØS-avtala (Energi)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg IV til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 140/2009 av 4. desember 2009⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 106/2008 av 15. januar 2008 om eit fellesskapsprogram for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr (Omarbeida utgåve)⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Forordning (EF) nr. 106/2008 opphevar europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2422/2001⁽³⁾, som er teken inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg IV til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 18 (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2422/2001) vert oppheva.
2. Etter nr. 29 (kommisjonsvedtak 2007/74/EF) skal nytt nr. 30 lyde:
"30. **32008 R 0106:** Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 106/2008 av 15. januar 2008 om eit fellesskapsprogram for energieffektivitetsmerking av kontorutstyr (Omarbeida utgåve) (EUT L 39 av 13.2.2008, s. 1).

⁽¹⁾ TEU L 62 av 11.3.2010, s. 34, og EØS-tillegget til TEU nr. 12 av 11.3.2010, s. 33.

⁽²⁾ TEU L 39 av 13.2.2008, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 332 av 15.12.2001, s. 1.

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasning:

- a) Alle henvisninger til avtalen mellom De forente staters regjering og Det europeiske fellesskap om samordning av energieffektivitetsmerking av kontorutstyr skal forstås som å omfatte en henvisning til brevveksling mellom De forente staters miljøbyrå (EPA) og Olje- og energidepartementet i Norge, Industridepartementet på Island og Økonomidepartementet i Liechtenstein, unntatt i artikkel 11 og 14, der henvisningen til førstnevnte avtale fortsetter å gjelde.
- b) I artikkel 4 nr. 5 skal ordene "Fellesskapet og tredjestatar" forstås som "Fellesskapet eller EFTA-statene på den ene side og tredjestater på den annen side". Ordene "kan Kommisjonen eller medlemsstatane utføre prøvingar" skal forstås som "kan Kommisjonen eller medlemsstatene eller EFTA-statene utføre prøvinger, alt etter deres kompetanseområde".
- c) I artikkel 12 nr. 3 første punktum skal ordet "Kommisjonen" forstås som "EFTA-statene og Kommisjonen, alt etter deres kompetanseområde".
- d) Artikkel 13 får ikke anvendelse."

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 106/2008 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. juni 2010, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 11. juni 2010.

For EØS-komiteen

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

A. Seatter

Formann